

Svar på spørsmål frå Rasmussen (A) - Miljøarbeidar vidaregåande skule

Representanten Rasmus Rasmussen, (Ap) har stilt følgjande spørsmål:

«Over tid har det pågått en politisk diskusjon knyttet til miljøarbeidere de videregående skolene våre. Miljøkoordinatorne i gamle Sogn og Fjordane trekkes, med rette, frem som et svært positivt tiltak. Det gis inntrykk av at vi ikke har den samme kompetansen ved de videregående skolene i gamle Hordaland. Det er en virkelighetsbeskrivelse jeg ikke kjenner meg igjen i. Jeg ber derfor om at utvalget får en oversikt over hvilke yrkesgrupper som arbeider ved de ulike videregående skolene i gamle Hordaland, og hvordan det jobbes med ulike miljøtiltak ved de videregående skolene i gamle Hordaland.»

Svar frå fylkesdirektør for opplæring og kompetanse:

Miljøkoordinatorane skal styrke skulane i arbeidet med elevane sitt skulemiljø etter Opplæringslova § 9a og bidra i det førebyggjande arbeidet. Ved dei vidaregåande skulane i tidlegare Sogn og fjordane har miljøkoordinatorane tre hovudarbeidsområde:

1. Førebyggjande arbeid
 - a. ta initiativ til og fremje tiltak som aukar trivsel og styrkar miljøet ved skulen
 - b. ha særleg søkelyset retta mot tiltak som motverkar mobbing, vald, rasisme og rusmiddelbruk
2. Kontaktskapande arbeid
 - a. skape best mogeleg kontakt mellom elevane og skulen
 - b. stimulere til aktiv deltaking i skulesamfunnet
 - c. stimulere til elevengasjement i opplæringa
3. Sosialpedagogisk arbeid
 - a. hjelpe elevar til å finne seg til rette på skulen
 - b. yte hjelp til elevar som har personlege vanskar, sosiale vanskar

Kartlegginga som fylkesrådmannen gjorde til sak 143/20 «Heilskapleg psykososialt tilbod i vidaregåande opplæring» handsama i fylkestinget 15-16 desember 2020, viste at totalt 11 av 12 vidaregåande skular i tidlegare Sogn og Fjordane og 7 av 33 vidaregåande skular i tidlegare Hordaland har miljøkoordinator. Stillingsstorleiken varierar mellom 50% og 100%, avhengig av elevtalet på skulen.

Dei vidaregåande skulane i tidlegare Hordaland har ikkje øymerka ressurs til miljøkoordinator. Skulane i tidlegare Hordaland løyser difor oppgåvene som miljøkoordinatorane har ansvar for i tidlegare Sogn og fjordane på ulikt vis.

Fylkesdirektøren har gjennomført ei spørjeundersøking om kva for yrkesgrupper som arbeider med miljøtiltak ved dei vidaregåande skulane i tidlegare Hordaland. Svara syner at mange av skulane nyttar skuleleiinga til desse oppgåvene. Nokre av skulane har gitt ein av avdelingsleiarane særskilt ansvar for elevtenesta, medan andre skular trekk fram rådgjevarane som sentrale i dette arbeidet. Nokre skular har tilsett miljøarbeidarar med fagbrev som barne og ungdomsarbeidar til oppgåver med elevane sitt skulemiljø etter Opplæringslova § 9a og det førebyggjande arbeidet. Fleire av skulane seier at miljøretta tiltak er ein del av lærarane sitt daglege arbeid og at arbeidet vert koordinert gjennom rektor og avdelingsleiarane.